

Referat frå møte i skoleutvalet 13.01.26

Møtt: Mayla og Haakon (elevar), Mons, Robin og Hugo (samfunnskontaktar) Per Arne (ansatterrepr.), Kristin og Møyfrid (foreldrerepr.) og Hilde (rektor og referent).

Agenda:

- Påbygg til generell studiekompetanse og protokoll endeleg vedtak om skole- og tilbodsstruktur
- Status økonomi
- Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa
- Vidare arbeid med saker som skoleutvalet vil arbeide med
- Evt.

Påbygg til generell studiekompetanse og protokoll endeleg vedtak om skole- og tilbodsstruktur

Hilde la fram protokollen, aktuelt for Surnadal:

- «Surnadal vgs – VG3 på bygg og VG4 til generell studiekompetanse blir søkbart skoleåret 26-27.»
- «For å lage et bærekraftig påbyggtilbud på indre Nordmøre må skolene samarbeide og bruke teknologi som gjør det mulig å følge med på undervisningen uten å måtte reise til en bestemt skole hver dag.»

I praksis betyr dette at skolen må planlegge for både oppstart som normalt og for eit samarbeid om påbygg på indre Nordmøre.

Skoleutvalet er glade for at tilbodet er søkbart i 26-27. Arbeidet som vart lagt ned før jul ga resultat. Det er også bra at ein med strekpunkt to har sikra tilbod om påbygg på Indre Nordmøre.

Elevrepresentantane ga tilbakemelding om at dei er glade for at tilbodet er søkbart kommande skoleår, dette gir forutsigbarheit. Dei tenkjer vidare at det er betre med eit tilbod kor det samarbeidast på Indre Nordmøre enn ikkje noko tilbod.

Skoleutvalet drøfta kva strategi ein ynskjer vidare. Skolen treng representantar frå regionen (politikarar, tillitsvalde og andre) i sentrale posisjonar som kan på virke.

Skoleutvalet ynskjer tilbakemelding frå skolen om kva ein ynskjer at utvalet skal arbeide for. Utvalet vil tilpasse arbeide etter dette. Vi kjem tilbake til saka på neste møte.

Økonomi

Rektor orienterte om status for rekneskap 2025. Året er ikkje endeleg avslutta, men skolen ser ut til å ende på eit meirforbruk på om lag 900 000. Orsaka til at meirforbruket ikkje er større skuldast ekstra overføringer på bakgrunn av politiske vedtak mot slutten av året.

Skolen må arbeide målretta vidare for å få ned meirforbruket. Skoleåret 25-26 påverkar 7/12 av rekneskapsåret 2026, og det er planlagt med meir ressursar enn tildelt for å sikre pedagogisk forsvarleg tilbod for elevane. Kva ressursar vi får for skoleåret 26-27 veit vi ikkje før vi ser kor mange søkjarar vi har etter 1. mars. Søkjartalet har vidare direkte påverknad på kva klassar vi får starta. Det er dette som ligg til grunn for budsjett-tildelinga for 26-27.

For å kome nærmare balanse må skolen arbeide inn om lag 2 mill. når budsjettet for 2026 leggst. Skolen står slik framfor eit krevjande arbeid omstillingsarbeid.

Per Arne, tilsettere representant, las opp eit brev frå Utdanningsforbundet (UDF). UDF er bekymra for korleis stadig nye sparetiltak påverkar kvaliteten på tilbodet til elevane (Brevet er lagt ved).

Elevundersøkinga og undervisningsevalueringa

Elevundersøkinga: Mobbetala er merkbar lågare enn både fylket og landet elles, med 3,3% på vg1 her på skolen, mot 6.0% i fylket og 5,5% i landet. Dette er bra! Vi skal likevel arbeide vidare med tiltak for eit godt skolemiljø, målet er at tala skal vera null for skolen.

Når det gjeld læringsmiljøresultat generelt, scorar skolen som tidlegare år spesielt godt på trivsel, støtte frå lærar og fagleg utfordring. Også som tidlegare år er det vurdering for læring og elevdemokrati og elevmedverknad som kjem dårlegast ut. Vi ser at vi har dårlegast resultat på vg2, vil derfor følgje opp dette spesielt.

Undervisningsevalueringa: Skoleutvalet kika også på resultata for skolen kva gjeld undervisningsevalueringa, og ser at desse resultata langt på veg speglar resultata frå elevundersøkinga.

Utvalet er fornøgde med resultata, som totalt sett er gode. Er samstemte i at det er viktig å følgje opp med tiltak, men minst like viktig er det førebyggjande arbeidet.

Resultata blir gjennomgått og drøfta i møte med elevrådet og tilsette og tiltal blir sett inn med utgangspunkt i dette.

Vidare arbeid med saker som skoleutvalet vil arbeide med

- «Felles krafttak i alle ledd for å belyse den stadig dårlegare økonomien i distrikta»: Robin melder om at det arbeidast med dette jamt. Skoleutvalet supplerer med at dette er noko alle prioriterer, vi må halde trykket oppe.

- «Arbeide for eit godt og breitt tilbod ved Surnadal vgs, spesielt på vg1». Hugo melder som Robin på førre punkt at det arbeidast med dette jamt. Også her supplerer skoleutvalet med at dette er noko alle prioriterer.
- «Behalde påbygg til generell studiekompetanse ved Surnadal vgs». Vi kjem tilbake til denne saka på neste møte (ref. sak 1).
- Trøndelagsavtalen: Først og fremst Mons og Hilde som arbeider direkte med denne saka, men også resten av skoleutvalet der det fell seg naturleg. Det har kome utkast til ny avtale. Hilde sender denne til orientering når den er klar for deling.
- Fleire hyblar: Framleis viktig sak for elevrådet, men også for resten av utvalet. Alle følger opp saka i sine fora.
- Fråværsreglementet: Kjem tilbake til denne saka på eit seinare møte.
- «Psykisk helse og hindre utanforskap». Foreldrerepresentantar undersøkjer moglegheita for å servere frukost til alle elevar i sosialveka (veke 13). Kan Saniteten vera ein god samarbeidspartner?
- Fokus på beredskap: Hugo har vore i kontakt med Else May Botten, ho ynskjer å kome til skolen for å snakke om beredskap for elevar og ansatte. Hilde og Hugo blir samde om dato.